
Fra: Marte Hagen Eriksrud
Sendt: mandag 2. september 2019 10.20
Til: 'turid.susort.jansen@kystverket.no'
Kopi: 'fmvlpost@fylkesmannen.no'
Emne: Kommuneplan for Lindås 2019-2031 - motsegn frå Kystverket

Hei,

Viser til brev frå Kystverket, datert 12.07.2019, med motsegn til Kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune 2019-2031. Motsegnet gjeld deler av planlagt småbåthamn ved Feste.

Det er starta opp ein reguleringsplanprosess for det omsøkte arealet, Reguleringsplan Feste Kai- og næringsområde, planid 1263-201609.

Etter 1. gangs høyring av planforslaget fremja Kystverket motsegn mot planen, og det var gjennomført eit dialogmøte 28.9.2018. Konklusjonen i dialogmøte er at avgrensinga i sjø må endrast slik at arealet ikkje kjem i konflikt med «omsynssone farled».

Saka vart løfta til 2. gangs handsaming i Plan- og miljøutvalet 19. juni 2019. Planen er endra i tråd med konklusjonene frå dialogmøte med Kystverket. I møte vedtok plan- og miljøutvalet synfaring av saka, og den vert difor handsama på nytt i møte 18.9.2019.

Saksdokumenta for møte den 19. juni 2019 er her;

<https://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfdocument.ashx?journalpostid=2019016769&dokid=293777&versjon=2&variant=A&>

Utstrekning av avsatt areal til småbåthamn i Kommuneplanen sin arealdel, skal justerast i tråd med framlegg til 2. gangs handsaming av reguleringsplanen. Lindås kommune legg difor til grunn at motsegnet frå Kystverket kan trekkast tilbake.

Mvh

Marte Hagen Eriksrud | Arealplanleggjar

E-post: marte.hagen.eriksrud@lindas.kommune.no | **Telefon:** 56 37 56 37

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

